



## Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2017

Aktiviteten i løa har vore høg i 2017, slik som han også har vore tidlegare år. Privatpersonar og verksemdar betalar for å leiga løa, medan lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis. Av Hå kommune har me fått opplyst at det i 2017 har vore 86 dagar med betalt leige av løa, og løa har vore nytta til arrangement med gratis utlån 351 gonger.

Vennelaget har støtta kommunen sin aktivitet på løa med praktisk arbeid, og innkjøp av ymse utstyr; støvsugarrobot, projektor, med meir. Elles har Vennelaget bidrege med vedlikehaldsarbeid, m.a. har golvet i siloen har vorte utbetra. Gustav M Håland har vore Vennelaget sin kontaktperson mot vaktmeister i vedlikehaldsarbeidet. Vårdugnaden i juni vart utført i samarbeid med Språksprell, som er innvandrarar og andre lokalfolk frå Varhaug. Stolar, krakkar og bord vart reingjorde, vegger vart kalka, kjøkken grundig vaska og inventar sjekka og etterbestilt. Bygdekvinnelaget har kjøpt juletrepynt, og Vennelaget har m.a. kjøpt juletre til løa.

Kommunen har sett av midlar til å byggja heis i nordre bryst på løa, og å montera sprinklaranlegg i løa, både oppe og nede. Vennelaget har bidrege i kommunen sitt arbeidet med planlegging av heis, og har tilbode å bidra med dugnadsarbeid i samband med bygging av heis.

Lunsjtreff-komiteén i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden gjennom våren og hausten, totalt 14 gonger. Dette har vore svært vellukka, og talet på deltakarar har i gjennomsnitt vore om lag 30.

I tillegg til 4 kurskveldar med matkurs og skismørjekurs har det vore arrangert 10 «Kultur i Løå» tilstellingar i 2017; konsertar, temakveldar, nasjonalfest og jonsokfeiring, sjå vedlagt årsrapport frå «Kultur i Løå»-komiteén.

Vennelaget har vore aktiv brukar av Varhaugbuen for å få ut informasjon om arrangement på løa, både førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa. Vennelaget vart i 2017 medeigar i Varhaugbuen.

Styret i Vennelaget har hatt 6 styremøte i 2017.

Medlemstalet i Vennelaget er no 319.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår;  
[www.lensmannsgarden.net](http://www.lensmannsgarden.net) , og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også  
til facebook-sida «Kultur i Løå». 802 personar følgjer denne sida.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar  
Geir Egil Rosland, nestleiar  
Ruth Kristensen, sekretær  
Odd Einervoll, kasserar  
Lenita Salte, styremedlem  
Margunn Skretting, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar  
Dag Skretting  
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar  
Frank Håland (Dag Madland fyrste halvår)  
Renate Tråsavik  
Karin Skrettingland  
Anne Mette Tunheim

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad  
Inger Haugstad  
Kjellaug Ånestad Varhaug  
Liv Reiestad  
Bjarne Salte  
Gustav Håland

Ove Tjensvoll  
Irene Bratland  
Hilde Skrettingland  
Liv Tone Stueland  
Myrtle Tjemsland  
Sverre Kartevoll

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Solveig Aanestad  
Eldar Odland

Rolf Magne Lerbrekk vart valt inn i valnemnda på sist årsmøte, men gjekk bort i 2017. Me lyser  
fred over minnet hans.

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden  
Kjetil Skrettingland (leiar)